



Nordbohus Villanger & Sønner AS
Kvassnesveien 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6948 - 14/27999

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
16.12.2014

Mellombels bruksløyve - GBNR 137/36 Alver - riving og nybygg av bustad

MELLOMBELS BRUKSLØYVE etter plan og bygningslova § 99 nr.2 og 3

Det vert vist til søknad om mellombels bruksløyve, motteken 10.12.2014

Byggesøknaden kom inn i 2009, og saka er difor handsama etter det gamle regelverket.

Spesifikasjon.

Type tiltak	Einebustad – riving og nybygg
Vedtak	Delegert sak, rammeløyve 03.11.2011 (søknad 2009)
Ansvarleg søkar	Villanger & Sønner AS
Tiltakshavar	Velaug Kristi Holmås
Mellomb bruksløyve gjeld	Heile tiltaket
Byggestad	Gbnr 137/36 Alver
Adresse	Isdalstøbakken 28
Bygningsnummer	300265630
Bruksareal:	187 m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 99 nr 2 og 3 vert det her gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket.

Vilkår:

1. Riving av gammal bustad må vera utført før ferdigattest kan gjevast.
2. Mellombels bruksløyve er gyldig til **30.06.2015**. Søknad om ferdigattest skal vera kommen inn til kommunen innan denne dato.

Bruk av bygning/tiltak utan gyldig ferdigattest eller mellombels bruksløyve er i strid med lova og kommunen kan gje pålegg om at ulovleg bruk skal innstillast.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 14/6948**

Gebyr.

Mellombels bruksløyve er gebyrbelagt. Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvart med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

10.2.8 Mellombels bruksløyve	Kr. 2.800,-
------------------------------	-------------

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Velaug Holmås

Søndre Skogveien 5057
89

BERGEN

NGIR IKS